

PROTOKOLL NR. : 03 09-11

FRÅ : ALPINKOMITEEN

STAD/DATO : Skei, 10. desember 2009

TIL STADES : Lilly Schøyen, Rune Espe, Atle Hamar, Roar Birkeland, Martin Hopland og Yngve Thorsen (adm.)

FORFALL :

MERKNADER : Ingen

SAKLISTE

Sak 15 09-11 **Godkjenning av innkalling, sakliste, referat frå Haustmøte og protokoll nr. 02 09-11**

Sak 16 09-11 **Utval for utrekning av kvalifiseringspoeng til Hovudlandsrennet og Landsfinalen 2010**

Sak 17 09-11 **Evaluering av Fjord1 samlingane 2009**

Sak 18 09-11 **Fjord1 samlingar vinter/ vår 2010**

Sak 19 09-11 **Oppfølging av markedsavtalar**

Sak 20 09-11 **Rekneskap pr. 30.11.2009**

Sak 21 09-11 **Budsjett 2010**

Eventuelt

Sak 22 09-11 **Fjord1 Cupen revisjon**

Sak 15 09-11 **Godkjenning av innkalling, sakliste, referat frå Haustmøte og protokoll nr. 02 09-11**

Bakgrunn

Innkalling, sakliste, referat frå Haustmøte og protokoll nr. 02 09-11 er utsendt på førehand.

Vedtak

Alpinkomiteen godkjenner innkalling, sakliste, referat frå Haustmøte og protokoll nr. 02 09-11.

Sak 16 09-11

Utval for utrekning av kvalifiseringspoeng til Hovudlandsrennet og Landsfinalen 2010

Bakgrunn

Komiteen skal velje to personar som er ansvarleg for utrekning av kvalifiseringspoeng til Hovudlandsrennet og Landsfinalen 2010.

Vedtak

Alpinkomiteen gjer vedtak om at Martin Hopland og adm. fungerer som utval for utrekning av kvalik. poeng til Hovudlandsrennet og Landsfinalen 2010

Sak 17 09-11

Evaluering av Fjord1 samlingane 2009

Bakgrunn

Hausten 2009 er det gjennomført 3 Fjord1 samlingar:

- Juvass, 04.-07. september 2009: 26 deltakarar
- Austerrike (Hintertux), 04.-11. oktober 2009: 33 deltakarar
- Hafjell, 28. nov. – 01. desember 2009: 74 deltakarar

Samlingane har totalt sett vore vellykka, både sportsleg og sosialt.

Gruppedelingar

I samband med samlinga på Hafjell 28. nov. – 01. desember har Kjus Rennskule ved Rolle signalisert at det er for mange løparar på gruppe nr.1

Tal utøvarar på denne gruppa bør reduserast til ca. 16.

I det vidare arbeidet med Fjord1 samlingane må komiteen ta stilling til følgjande:

- på eit generelt grunnlag trekke opp klare retningslinjer for gruppedelingane
- til kommande samling på Hafjell må ein avgjere korleis ein skal løyse ein reduksjon av løparar på gruppe nr. 1.

Kommunikasjonslinjer mellom Kjus Rennskule og lokale trenarar

I samband med samlinga på Hafjell 28. nov. – 01. desember har ein fått tilbakemelding frå ein skilde lokale trenarar at noko informasjon ikkje kom fram i tide.

For å unngå at liknande episodar skal oppstå i framtida blir det fremma forslag om at samlingsleiar skal gjennomføre møte med dei lokale trenarane kvar kveld i samband med samlingane. I møte har ein høve til å evaluere dagens treningsøker, samt sikre at nødvendig informasjon når ut til trenarane.

Vedtak

Alpinkomiteen gjer vedtak om å ha følgjande generelle retningslinjer for gruppedelingane i prioritert rekkefølge:

1. Kjus Rennskule sine sportslege vurderingar m.o.t. gruppedelingar blir prioritert slik at ein sikrar eit best mogleg treningsutbyte.
2. Løparane på krinslaget skal prioriterast
3. Gruppering etter fødselsår
4. Tal samlingar som løparane deltek på

I samband med samlinga på Hafjell 02.-05. januar gjer alpikomiteen vedtak om å leige inn ein ekstra trenar frå Kjus Rennskule – totalt 4 trenarar frå Kjus Rennskule i tillegg til 4 lokale trenarar.

Primært blir det lagt opp til to trenarar på gruppe nr. 1 ifbm. samlinga på Hafjell 02.-05. januar, utover det avgjer Kjus Rennskule i lag med samlingsansvarleg korleis treningane skal organiserast.

I samband med vedtaket presiserar leiar i AK at det er viktig å ha ein god arbeidsprosess angående gruppedelingane på samlingane, målet med prosessen er å ha eit spesielt fokus på jentene, samt å anspora FIS-løparane til å halde fram med idretten lengst mogleg. Skal ein nå fram med dette må jentene vurderast ut frå eigne konkurranseklassar og ikkje konkurrere med yngre gutar om plassen i gruppe nr.1

Alpikomiteen gjer elles vedtak om at det skal innførast fast møte kvar ettermiddag/ kveld mellom samlingsleiar og lokale trenarar i samband med Fjord1 samlingane på Hafjell.

Sak 18 09-11

Fjord1 samlingar vinter/ vår 2010

Bakgrunn

I samarbeid med Kjus Rennskule har ein vinter/ vår 2010 planlagt følgjande samlingar:

- Fartssamling, Harpefossen 06.-07. februar 2010
- Treningssamling Jølster 20.-21. februar 2010
- Treningssamling Juvass juni 2010

Når det gjeld samlinga på Jølster vil den primært vere forbeholdt lokale FIS-løparar, m.a. fordi det blir gjennomført kvalik. renn til HL/ LF i same tidsperiode på Utvikfjellet (20.-21. februar 2010).

I det vidare arbeidet må komiteen avgjere kriteriegrunnlaget m.o.t. kva løparar som skal få delta på fartssamlinga.

Vedtak

Alpikomiteen gjer vedtak om at yngste årsklasse på fartssamlinga skal vere -98 årgangen. Utover det legg ein opp til fri påmelding.

Alpinkomiteen gjer elles vedtak om at det skal gjennomførast treningssamling for krinslaget med Kjus Rennskule i juni månad. Aktuell dato er 12.-14. juni 2010.

Sak 19 09-11

Oppfølging av markedsavtalar

Bakgrunn

Samarbeidsavtalen med Jobzone går ut våren 2010, og må reforhandlast.

Vedtak

Alpinkomiteen gjer vedtak om at økonomi- og sponsoransvarleg Atle Hamar følgjer opp Jobzone i lag med adm.

Sak 20 09-11

Rekneskap pr. 30.11.2009

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 30.11. 2009 er utsendt på førehand.

Adm. la fram rapporten.

Vedtak

Komiteen teke saka til orientering og gjer følgjande vedtak i saka:

1. I samband med Fjord1 samlinga på Hafjell i nov./ des. blir løparane si deltakaravgift redusert til kr 100,- pr. løpar pr. dag.
2. Kledd til løparane på krinslaget skal subsidierast med kr 1 500,- pr. løpar (totalt kr 1 500 x 26 = kr 40 000,-). Pris for bukse og jakke blir då kr 2 900,-.

Sak 21 09-11

Budsjett 2010

Bakgrunn

Viser vedtak i *Sak 59 08-09 – Budsjett 2009*.

Skikrinsstyret gjer vedtak om at kvar einskild greinkomite i 2010 skal legge inn i budsjettet det underskotet/ overskotet som det økonomiske resultatet pr. 31.12.2009 viser.

M.o.t. vedtaket tilrår administrasjonen at ein reviderar budsjettet til alpinkomiteen når rekneskapen for 2009 er avslutta og godkjent av Skikrinsstyret.

I det førebelse arbeidet med budsjettet til alpinkomiteen har ein lagt opp til eit budsjett i balanse.

Drift komité

Det er budsjettet med kr. 138 750,- i overføring av markedsinntekter, jf. samarbeidsavtalane med Fjord1 og Jobzone.

Alpinkomiteen må merke seg at avtalen med Jobzone går ut våren 2010, og må reforhandlast!

Det er også lagt inn kr 20 000,- i lisensar/ rennavgifter, same nivå som i 2009.

Det er ikkje budsjettert med endring i startkontingent og deltakaravgift til krinsen.

NM

Ifbm. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad, kr 15 000,-.

Jr. NM

I samband med Jr. NM er det budsjettert at ein dekkjer reise- og overnatting til hovudleiar i tillegg til startkontingent for utøvarane. Totalt kr. 23 500,-.

HL

På Hovudlandsrennet er det budsjettert med reise og overnatting til hovudleiar i tillegg til startkontingent for utøvarane. Det er også budsjettert med forskottering av overnattingskostnader samt refusjon av desse (inntekter).

Cup

Ifbm. Fjord1 cupen er det budsjettert med kr. 5 000,- i annonsering, i tillegg til kr 13 000,- i premiar.

FIS-renn

Til FIS-renna i alpint er det lagt inn at krinsen dekkar startkontingent på 5 FIS-renn for kvar utøvar, i tillegg til FIS lisensen.

Det er i tillegg budsjettert med at komiteen dekkjer reise- og overnatting for hovudleiar i samband med aktuelle FIS-renn for krinslaget i alpint.

Det er også lagt inn at krinsen forskotterar startkontingent i samband med desse renna.

Fjord1 samlingar/ krinslag

Det er budsjettert med 7 Fjord1 samlingar, og krinslagskontingent på kr. 190 000,-.

Under føresetnad om at ein har 25 løparar på krinslaget sesongen 2010/ 2011 blir krinslagskontingenten redusert frå kr 8 500,- til kr 7 600,-

Vidare er delt. avg. på Fjord1 samlingane budsjettert med kr 80 000,-, under føresetnad av at avgifta blir redusert til kr 100,- pr. løpar pr.dag.

Det er lagt inn kr. 200 000,- i idrettsfagleg bistand, dette er kostnader knytt til Kjus Rennskule. Det er også budsjettert med omfattande bruk av lokale trenarkrefter, totalt kr. 63 000,- (honorar, reise og overnatting).

Alpinkomiteen

Til møteverksemd i alpinkomiteen er det sett av kr. 9 300,-.

Oppsummering - alpinkomiteen

Alpinkomiteen har eit budsjett som balanserar, med kr 678 750,- i budsjetterte driftsinntekter og kr 678 750,- i budsjetterte driftskostnader.

Vedtak

Alpinkomiteen godkjenner rammene i budsjettet for 2010, og gjer i tillegg vedtak om at delt. avgifta i samband med Fjord1 samlingane inntil vidare skal vere kr 200,- pr. løpar pr. dag.

Krinslagskontingenten blir i tillegg redusert til kr 7 600,- pr løpar under føresetnad av at ein har 25 løparar på laget.

Budsjettet skal reviderast i samband med møte i AK jan/ feb. 2010.

Eventuelt

Sak 22 09-11

Fjord1 Cupen revisjon

Saka blir utsett til neste møte i komiteen.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins, alpinkomiteen

Ref.

Lilly Schøyen (s)
Leiar

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef